

**DET KONGELEGE  
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Familie- og kulturkomiteen Stortinget  
v/ Mona Bothner  
Stortinget  
Postboks 1700 Sentrum  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
20/3968-Dato  
6. januar 2021**Spørsmål fra familie- og kulturkomiteen - Dokument 8:80 S (2020-2021)  
Representantforslag om verneprosess for utvalgte hellige fjell i samisk kultur**

Eg viser til 8:80 S (2020-2021) frå representanten Per Espen Stoknes om verneprosess for utvalde heilage fjell i samisk kultur. Representanten viser blant anna til at dei heilage fjella er viktige i samisk kultur og at dei no er kritisk trua. Auka tilrettelegging av gruvedrift, kommersiell turisme, vass- og vindkraft og annan infrastruktur fører til at dei tradisjonelle praksisane knytt til naturen vert svekt. Representanten fremmar difor forslag om at regjeringa greier ut ulike modellar som støttar bevaring av heilage fjell og naturstader for kommande generasjonar. Vidare foreslår representanten at det i første omgang settast i gang ein særskild verneprosess for fem utvalde samiske heilage fjell og naturstader, frå dei ulike samiske språkområda og utvald av Sametinget, for å sikre moglegheitene til religiøse og kulturelle praksisar, etter modell av dei svenske *kulturresevata*.

Når det gjeld representanten sitt første forslag meiner eg at moglegheitene for ivaretaking av heilage fjell og naturstader i samisk kultur allereie er god. Det er vist til blant anna kulturminnelova som gjer vern til stader det er knytt tru og tradisjon til. Kulturminnelova har og andre bestemningar som tar vare på større område. Kulturmiljøfredinga av den østsamiske kyrkja og kyrkjegarden i Neiden er eit døme på korleis kulturminnelova har vorte teken i bruk for å verne viktige kulturmiljø i ein større samanheng. Områdefredinga på Mortensnes er og eit døme på eit større heilskapleg område med mange viktige kulturminne knytt blant anna til tru og tradisjon. Kulturmiljøforvaltninga er og involvert i prosessar som har til formål å identifisere viktige landskapsverdiar med kulturhistorisk innhald, mellom anna i Riksantikvaren sitt prosjekt KULA, Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse, og i

nasjonalparkplanane. Det naturlege er at Sametinget sjølv som ansvarleg mynde tek initiativ til slike prosessar eller gjer innspel i andre pågåande prosessar.

På bakgrunn av det som eg har vist til over, meiner eg at representanten sin andre forslag difor og bør falle bort. Eg ser ingen grunn til å greie ut modellar for bevaring av heilage fjell og naturstader når det er mogeleg å ta vare på desse kulturhistoriske verdiane i dei eksisterande ordningane, eller å vurdere ei særskild verneprosess etter modell av dei svenske *kulturresevata*, som eg oppfattar allereie er ivaretekne i norsk lovgjeving. Elles er det varsla i Meld. St. nr. 16 (2019-2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken* at regjeringa vil at det skal utarbeidast ny kulturmiljølov. Det vil difor være mogeleg å nytte høvet i den prosessen dersom ein framleis meiner at dei eksisterande ordningane i kulturminnelova ikkje tek omsyn til heilage fjell og naturstader på ein god nok måte.

Med helsing



Sveinung Roteyatn